

Vestnes kommune,  
 Brugata 10,  
 6390 Vestnes

30.03.2023

[postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no)

## **Merknader til framlegg til detaljreguleringsplan for BN10 på Sessneset, Vestnes**

Vi viser til at Planutvalet i sak 18/23 den 14.02.2023 og i medhald av Plan- og bygningslova § 12-10/11 har godkjent at framlegg til detaljreguleringsplan for BN10 på Sessneset skal leggjast ut til offentleg ettersyn.

Målsetjinga med planforslaget er å leggja til rette for utbygging av eit nytt næringsområde til vidareutvikling av landbasert akvakulturanlegg.

I planomtalen går det fram at i kommuneplanens arealdel frå 2015 er planområdet nevnt som BN10, med framtidig næringsverksemd som formål og at det i dette formålet ikkje har potensiale for vesentlege negative verknader for samfunn eller miljø.

Det kjem også fram at det i kommuneplanen er gjort ei overordna konsekvensutgreiing knytt til det aktuelle området, der det heiter at «Landbruksmessig tap er rekna som marginalt, 10 da.»

### Vi har følgjande merknader:

1) Det aktuelle arealet er i utgangspunktet disponert til næringsområde i kommuneplanens arealdel. Trass i at framlegg til detaljreguleringsplan, som tilsynelatande er i samsvar med kommuneplanen, no er lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi anmoda om at det på nytt blir gjort klare vurderingar i forhold til arealbruk i forhold til dei overordna føringar som er gjeldande i dag.

2) Det er 8 år sidan gjeldande kommuneplan vart godkjent og vi vil tilrå at dette arealet, saman med andre tidlegare LNF-områder som no er omdisponert til andre formål, får gjennomgå ei ny vurdering av om dei skal tilbakeførast til LNF.

Vi vil til slutt minna om ein del av dei forholda og føringane som gjer at det er behov for at kommunane no vurderer tilbakeføring av tidlegare LNF-områder:

- Ny fylkesstrategi for landbruk og jordvern mål for Møre og Romsdal, som legg opp til ei halvering av omdisponert areal i fylket.
- Bærekraftsmåla, der det blir lagt opp til at bærekraft skal leggjast til grunn i all offentleg planlegging.

- Naturavtalen, som skal bidra til å hindra meir nedbygging av produktivt areal.
- Prinsippet om arealnøytralitet, som skjerpar krav til meir effektiv bruk av areal.
- Hurdalsplattformen og brev til kommunane frå kommunal- og landbruksministrane om jordvern, der det heiter at jordvern skal vera eit overordna omsyn i arealplanlegginga.
- Klimaavtalen, ein bindande avtale om årleg reduksjon i utslepp av klimagassar.
- Nasjonal jordvernstrategi, som no blir skjerpa for 3. gong på få år og som klart seier at omdisponert areal skal ytterlegare reduserast.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Øystein Solli

Atle Frantzen